




Høyringsrapport



# Planprogram – Regional plan for innovasjon og næringsutvikling - Vestland

Høyringsrapport



Vestland  
fylkeskommune

# Innhold

<b>Om høyringa .....</b>	<b>3</b>
<b>Overordna drøfting av innspel .....</b>	<b>3</b>
Samanfatning av høyringsinnspeala .....	3
Kort om høyringsmøtet 13. August 2020 .....	4
<b>Vurdering av alle enkeltinnspel .....</b>	<b>5</b>

# Om høyringa

Hovudutval for næring vedtok i møte 8. juni 2020 å legge planprogrammet for regional plan for innovasjon og næringsutvikling – Vestland ut på høyring. Høyringsutkastet blei sendt til om lag 200 høyringsinnstansar til uttale. Høyringsfristen var 20. august 2020, og det har kome inn 43 innspel.

13. august 2020 blei det arrangert eit vellukka digitalt høyringsmøte med 17 innleiarar som kom med sine innspel til høyringsutkastet. Partnarskapen var breitt representert blant desse, med representantar frå alle regionråda, Bergensregionen, utdannings- og forskingsinstitusjonar, næringslivsorganisasjonar og statlege etatar.

I tillegg har det i høyringsperioden vore dialogmøte med Innovasjon Norge og andre fylkeskommunale avdelingar.

Den administrative styringsgruppa har hatt høyringsrapporten til gjennomlesing og merknader før høyringsrapporten og framlegg til endeleg planprogram blei ferdigstilt frå fylkesrådmannen si side.

## Overordna drøfting av innspel

### Samanfatning av høyringsinnspela

Det er gjennomgåande tilslutnad til dei overordna måla og dei valde plantema. Dei fleste innspela vedkjem det vidare planarbeidet og er anten føreslege vidaresendt dei ulike arbeidsgruppene som skal setjast ned, eller blir følgt opp administrativt. Det har kome nokre få innspel til nye plantema, og ein del innspel som går på temaplanar og strategiar. Det er også kome ein god del innspel om medverkand.

#### Framlegg til nye plantema

Eitt av dei viktige formåla med eit planprogram er å avgrense og prioritere val av plantema. Ein regional plan kan ikkje ta inn over seg alle gode ønskje, men evne å prioritere det som er viktig og i samsvar med overordna nasjonale og regionale føringer. Fylkesrådmannen står fast på å avgrense val av plantema og kjem difor ikkje med framlegg om nye plantema.

#### Framlegg til temaplanar

Regional planstrategi har i høyringsutkastet skissert ei målsetting om å avgrense talet på planar, både når det gjeld regionale-, tema og strategiplanar. Ei forenkling og samordning av planverket vil tene to formål – ei meir heilskapleg planlegging der ein ser samfunnsplanlegginga i samanheng, samt at det blir lettare for kommunane, regional stat, fylkeskommunen og ålmenta å forholda seg til færre planar.

I staden for eigne temaplanar er det tenkt at ein konkretiserer satsinga gjennom dei årlege handlingsprogramma. Etter høringsrunden for regional planstrategi vurderer fylkesrådmannen likevel å tilrå at det kan utarbeidast tema-/strategiplanar innanfor særskilde satsingsområde.

Fylkesrådmannen tek ikkje stilling til framlegga til temaplanar i denne omgangen, men legg til grunn at behovet for tema- og strategiplanar blir vurdert som ein del av det vidare planarbeidet.

#### Medverknad

Det har kome mange innspel på medverknad. Partnarskapen ønskjer å bidra i planarbeidet, noko som kom klart fram på det digitale høringsmøtet og i høyringssvara.

Det er også kome inn framlegg på utviding av den administrative styringsgruppa med fleire representantar frå næringslivet og med representantar frå kommunane.

Fylkesrådmannen legg opp til at ein administrativt sikrar god medverknad i samansetjing av arbeidsgruppene, gjennom dialogmøte undervegs i prosessen og i sjølv høringsrunden for planen. Fylkesrådmannen vil ta med seg innspela i det vidare planarbeidet.

Det går fram av vedlagde oppsummering korleis ulike innspel er handtert.

## Kort om høringsmøtet 13. August 2020

Torsdag 13 august vart det gjennomført eit høringsmøte. Leiari i hovudutval for næring, Tor Andre Ljosland, ønskte velkommen. Fylkesdirektør Bård Sandal leia møtet. Fylkeskommunen presenterte kort planprogrammet og prosessen vidare. Det var førebudde innlegg frå regionråda i fylket, representert ved leiari eller nestleiari i regionrådet:

- Bergensregionen
- Regionrådet for Nordhordland
- Regionrådet for Sunnhordland
- Hardangerrådet
- Sogn regionråd
- Nordfjordrådet
- Samarbeidsforum i Sunnfjord
- HAFS

Dessutan var det førebudde innlegg frå andre inviterte aktørar, frå FoU, næringsliv, orgasnisasjonar samt Innovasjon Norge:

- NHH Norges Handelshøyskole
- Vestlandsforskning
- NHO
- LO
- Innovasjon Norge Vestland
- Næringsalliansen i Hordaland
- Sogn og Fjordane Næringsråd
- Innovasjonsnettverket INUNET
- Sparebanken Sogn og Fjordane

Møtet vart gjennomført som eit digitalt møte, der dei som presenterte var inne i eit virtuelt møterom, medan andre som ville høre på møtet såg ein live stream av møtet. Mot slutten av møtet hadde 85 ulike IP adresser vore inn i møtet. Medan det på det tidspunktet var 30 som var påkopla.

Oppsummeringa over og innspela under dekker dei innspela som kom fram undet høyringmøtet.

# Vurdering av alle enkeltinnspele

Under følgjer ei kort oppsummering av alle høringsinnspele. Alle innspel er lest igjennom og vurdert i det vidare arbeide. Det er notert korleis Fylkesrådmannen tilrår at innspele vert tatt til følgje.

Innstilling frå fylkesrådmannen er fargemarkert i merknadsfeltet for lettare overblikk:

Innspele vurdert Ikke tatt til følgje	Innspele vurdert Ikke tatt til følgje, kommetert i saka	Tatt til orientering, som vidare innspele i planarbeidet eller blir følgt opp administrativt og/eller oversendt arbeidsgrupper	Tatt til følgje. Endring er av mindre karakter og ikke presentert i saksframstilling.	Tatt til orientering, tekst korrigert i endeleg planprogram og eller drøfta i saksframlegg
--	---	--	---	---

Stord Næringsråd	
Innspele	Merknad/Oppfølging
Dei listar opp aktuelle plantema: - Næringsstrukturar, omstilling og arbeidsplassutvikling - Bu- og arbeidsregionar - Attraktivitet - Digitalisering og teknologiutvikling - Kompetanse og forsking	Innspele vurdert Ikke tatt til følgje
Dei peikar på problemstillingar innan dei ulike plantema: - Regionane og kommunane i Vestland fylke har svært ulik næringsstruktur. Dette må hensyntakast i planerma – ikkje eit poeng at alle skal utvikle seg likt. Desentralisert næringsliv krev desentralisert utdanningstilbod. Ha stor merksemd på kompetanse og utdanning. - Kva er verdien av omstillingskompetanse og innovasjonskompetansen? - Korleis få til industrialisering og forretningsforståing? - Kva påverkar investeringsvilje og kapital? Kva er viktig når unge gjer val om å etablere seg?	Tatt til orientering som innspele til vidare planarbeid
Ber oss gjere ei grundig analyse over bransjar og næringar i heile fylket. Kva gjer sysselsetting, ringverknader, inntening i form av skattar og avgifter lokalt og nasjonalt. Overordna planar må vera dynamiske nok til å fanga opp brå og store endringar som me no møter. Utvikle ein strategisk handlingsmodell som tar høgde for ulike utviklingssenario.	Tatt til orientering som innspele til vidare planarbeid
Saknar større medverknad frå Sunnhordlandsregionen	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt
Hallvard David Falck Husum	
Innspele	Merknad/Oppfølging
Kultur og næring høyrer tett saman. Skal ein få nokon til å flytte til regionen for ny jobb, må det vere eit rikt og varierande kulturtibod, slik at heile familien kan trivast både i jobb og fritid. I all planlegging av næringspolitikk må kultur være ein del av planen.	Tatt til orientering, oversendt alle arbeidsgruppene og følgt opp administrativt
Aksello	
Innspele	Merknad/Oppfølging

Bra at sjølve planen skal ha fokus på FOU, hydrogen, kompetanse og attraktivitet. Viktig å ha fokus på innovasjon i eksisterande næringsliv. Vatn må inkluderast som ein lokal ressurs på side 20 og 27 i planen.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 Omstilling og fornying
Planen bør ta opp i seg: 1. Korleis dei regionale utviklingsmidlane skal nyttast. 2. Diskutere fylkeskommunen si aktørrolle - eigarskapsstrategi og strategisk partnarskap. Vidare at strategiske partnarar bør setjast til regionale oppgåver utifrå kompetanse og nedslagsfelt. Avgjerande for planen å konkretisere korleis dei gode intensjonane skal følgjast opp i praksis.	Tatt til orientering både som innspel til vidare planarbeid og oversendt arbeidsgruppa for Verktøykasse
<b>Askøy kommune</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Godt planprogram. Samd i dei overordna måla. Val av plantema godt utgangspunkt for vidare arbeid.	Tatt til orientering, oversendt alle arbeidsgruppene
Vi må ta vare på dei sentrale næringane og det vi er gode på i dag, slik at dette kan bidra til næringsutvikling og innovasjon.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 Omstilling og fornying
Korleis Bergen utviklar seg er viktig for heile fylket. Viktig at kommunane og fylket støttar opp om Bergen som motor for innovasjon og næringsutvikling. Krev at byen samtidig blir ein motor for kommunane - må finne balansen mellom kompetansemiljøa i Bergen og kompetansen der ressursane er. Desse må utviklast slik at vi får gode fagmiljø utanfor byen.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 2 Bergen som motor for innovasjon og næringsutvikling i samspel med resten av Vestland
Planen må ikkje detaljstyre bruken av næringsareal i kommunane.	Atterhaldet er alt ivareteke i planprogrammet
Naturleg at kommunane blir involvert i planarbeidet. Lokalt næringsliv må også involverast t.d. gjennom dialogmøte. Kunnskapsorganisasjonane må få delta aktivt i planarbeidet	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt
Hastar med å få utarbeidd eigne strategiar og handlingsprogram for å kunne handtere koronapandemien. Behov for utbetring av fylkesveg for å løyse ut næringsareal nord på Askøy.	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt
<b>Aurland kommune og Tysnes kommune</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Sender ikkje fråsegn pga avslag utsetjing	Tatt til orientering
<b>Avinor</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Ingen merknader til planen	Tatt til orientering
<b>Bergen og Hordaland turlag</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging

Planen peikar på havvind og vindkraft som eigna for smart spesialisering. Turlaget peikar på at dette bør vere "berekriftig vindkraft". Vindkraft er konfliktfylt når det gjeld arealveuk, og det medfører konsekvensar for naturmiljøet og landskapet der dei vert plassert. Dersom Vestland skal satse på havvind og vindkraft, bør planarbeidet gjere ei grundig utgreiing av korleis dette kan gjerast på ein skånsam måte.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 Omstilling og fornying
Vidare kommenterer turlaget strategi for datasenter og digital infrastruktur. Planen må seie noko om behova for elekrisitet og korleis straumen skal framskaffast. Fryktar at framföring av straum vil leggje beslag på store naturareal. Ein bør difor vurdere å ta inn som eige plantema behov, produksjon og leveranse av straum. Samstundes bør ein utgreie om det er mogleg å redusere forbruket i høve til det framskrivne behovet som er varsla av Statnett.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 Omstilling og fornying
Bremnes seashore	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Støttar dei overordna måla for planarbeidet. Elles må næringsperspektivet takast med i alle fylkeskommunale prosessar og planar, samt at Vestland fylke må målbera vestlandsnæringane sine interesser i dialog med dei sentrale styresmaktene.	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt
Støttar tilnærminga om å vidareutvikle det vi er gode på. Sjømatproduksjonen er ei av næringane som peikar seg ut med stort potensial for låge klimautslepp, god lønsemid og internasjonal vekst. Fylkeskommunen bør bidra til at Noreg går ifrå å vere ein råvareeksportør, til at vi i større grad eksporterer foredla produkt.	Tatt til orientering, blir oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 Omstilling og fornying
Bergen sin posisjon innan sjømatnæringa er ein styrke for heile Vestlandet og må vidareutviklast. Samstundes er det viktig at fylkeskommunen byggjer kompetansedeling frå Bergen til resten av regionen, og legg til rette for vidareutvikling av verksemadene, kompetansekyngene og katapultsentra i fylket. Desentralisert næringsstruktur i fylket krev ein desentralisert skulestruktur. Vestland fylkeskommune må sikra eit vidaregåande skuletilbod av høg kvalitet i alle delar av fylket - tett kopla til det lokale næringslivet og lokale fortrinn og behov.	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt og oversendt arbeidsgruppa for plantema 2 Bergen som motor
Peikar på at havbasert verdiskaping er viktig for sysselsetting langs heile kysten. Fylkeskommunal og kommunal planlegging er viktig for å sikre det langsiktige arealbehovet til fiskeri- og havbruksnæringane, samstundes som andre samfunns- og miljøinteresser blir ivaretakne. Fylkeskommunen si rolle innan samordna areal- og transportplanlegging og samfunnsutvikling er avgjerande for næringsutviklinga i fylket.	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt
Connect Vest	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Connect Vest og Connect Ban har innspel til korleis ein skal vidareutvikle og utvikle nye forretningsområde og grunderverksemd.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 Omstilling og fornying
Viktig for det vidare planarbeidet at Bergen kommune og Vestland fylkeskommune jobbar tett saman, slik at ein i stor grad har felles mål og tiltak.	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt og oversendt arbeidsgruppa for plantema 2 Bergen som motor

Har merknader til samansetjinga av Næringsforum Vestland. I forhold til ambisjonane i planen om innovasjon, nyskaping og vekst, kan Næringsforumet framstå som noko einsidig samansett med sine store og tunge samfunnsaktørar åleine. Førelsår å supplere med ei referansegruppe med representantar frå næringslivet som dagleg jobbar med innovasjon og entreprenørskap.	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt
Fiskeridirektoratet	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Meiner det er gode plantema som er valt ut. Peikar på at fiskeri og havbruk er blant dei viktigaste næringane i Vestland. Meiner at det må inn ein omtale om utdanning innanfor fiskeri og havbruk innanfor plantemaet. Ein må sjå til at utdanningstilbodet på vidaregåande blir oppretthalde. Vidare er det viktig å halde fram med å byggje opp universitets- og høgskuletilboda både i Bergen og ved andre utdanningsinstitusjonar i fylket.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 Omstilling og fornying og følgt opp administrativt
Positiv til plantema 2. Sjå elles merknader om dei marine utdanningane.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 2 Bergen som motor
Meiner det er naudsynt med med meir kartlegging av sjøområda og havbotnen langs kysten. Saknar ei konkretisering av korleis ein vil gjennomføre kartlegginga som er skissert i planen. Ei god kartlegging av sjøområda vil vere særleg nyttig for kommunane når dei skal rullere arealplanane eller lage eigne arealplanar for sjøområda. For å utnytte ressursane i havet på ein berekraftig måte og samtidig ha vekst innanfor akvakultur, ser dei det som naudsynt med betre kartlegging og meir samordning av arealbruken i fjordsistema mellom kommunane.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 4 Arealbruk
Felles fråsegn få Framtidsfylket, Trainee indre Hordaland, Bergen Næringsråd, Sogn og Fjordane Næringsråd og Hardanger Industri	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Har fokus på rekruttering og kompetanse. Felles satsing på rekruttering og kompetanse er naudsynt for å sikra innovasjon og næringsutvikling i heile fylket. Planprogrammet og fylket sitt arbeid må legge til rette for at vi tilbyr utdanning som næringslivet treng - både på kort og lang sikt. Rekruttering, kompetanse og utdanning er for lite trekt fram i planprogrammet. Kjem med innspel om at det bør gjerast ei scenarioarbeid på arbeidsliv, og at ein får ein eigen temoplan for rekruttering og utdanning. Vidare at ein under plantema 4.2 tek med ei målsetting om å tiltrekke seg kvalifisert arbeidskraft for heile Vestland. Under same plantema peikar dei på at samspelet mellom Bergen og regionane også må inkludere lokalsamfunna. Både Bergen, regionane og lokalsamfunna må samhandle, definere lokale og regionale roller og oppgåver i dette arbeidet. Vidare peikar dei på kor viktig det er å kommunisere kva Vestland har å tilby og at det krevst eit regionalt verktøy som sikrar heilsakeleg og lett tilgjengeleg informasjon.	Tatt til følgje, tekst korrigert i endeleg planprogram, drøfta i saksframstilling. Framlegg om temoplan drøfta i saka,
Hardangerrådet	
Innspel	Merknad/Oppfølging

Betre utnytting av kraftressursane våre er sentralt, og for Hardangerrådet det viktigaste momentet. Lokal bruk av kraft vil generere ny næringsutvikling i deira område. Bør satsa på å effektivisera vasskraftproduksjonen, noko som også er eit viktig bidrag for grøn omstilling. Viser vidare til potensialet for naturbasert og kulturbasert reiseliv. Reisestraumane er endra som følgje av koronapandemien. Vestlandske fjordar, fjell og byar er attraktive reisemål for nordmenn, og aktualiserer til dømes ei større satsing på kulturhistorie og lokal matkultur.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 Omstilling og fornying
Motorkrafta til Bergen blir for store delar av fylket hindra av dårlig vegstandard. Kontakten mellom omland og sentrum må styrkast både nordover, sørover og austover. Dei regionale sentra må styrkast og det er særleg viktig at vegsambandet mellom desse og Bergen må styrkast. Vidare skisserer dei ei rekke vegstrekningar som bør utbetraast.	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt
Peikar på at Hardanger, til liks med andre indre delar av fylket, har både kraft og sterke eksisterande industrimiljø der dei viktigaste føresetnadane for innovasjon og utvikling er til stades og kan utnyttast raskt. Nemner det som eit paradoks at dei same områda også er dei med svakast digital og fysisk infrastruktur. Begge deler er avgjerande for vidare utvikling. Det er bra at strategi for datasenter og digital infrastruktur skal vurderast i planarbeidet. Ber om at det blir spesielt fokusert på distrikta som soknar til prosessindustrien.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 3 Innovative samfunn og like moglegheiter til å delta i verdikaping
Vestland fylkeskommune må vere medspelar, og ikkje vere til hinder for gode lokale prosjekt.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 4 Arealbruk
Rådet har ein eigen omtale om temaplanar. Det kan sjå ut til at dei har misforstått planutkastet når ein der omtalar temaplanar som skal innarbeidast i planen. Vi vel å tolke innspellet dithen at dei ønskjer eigne temaplanar innan hydrogenstrategi, reiseliv, landbruk, industri, havbruk og energi samla.	Innspel vurdert. Ikke tatt til følgje, kommentert i saka
Må inkludere ungdom, privat næringsliv og industri i høyringsrunden. Bør vidare arrangerast regionale dialog-/innspelsmøte med bedrifter, næringssamanslutningar (næringshagar), interesseorganisasjonar, regionråda og med deltaking får vidaregåande skular	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt
Kjem med framlegg om at ein representant frå regionråda/distrikta tiltrer den administrative styringsgruppa. Eventuelt også Norsk Industri.	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt
<b>Hordaland Bondelag</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Landbruket har hatt ei rivande utvikling innan teknologi, men for å nå måla om eit klimatilpassa og mest mogleg klimanøytralt landbruk er det framleis behov for meir forsking og utvikling. Dei ser gjerne at fylkeskommunen bidrar til forsking på landbruksrelaterte tema. Ønskjer elles å delta på møteplassar der tema som er viktig for landbruket skal diskuterast.	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt
Det er viktig med ei langsiktig og berekraftig arealforvaltning. Jordvernet må stå sterkt når ein skal utarbeide overordna retningsliner og strategiar for areal i næringssaker.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 4 Arealbruk
Positiv til at strategi for biogass vert innarbeidd i planen. Føreslår også at det vert utarbeidd ein regional strategi for massehandtering. Ber vidare om at at temaplan for landbruk og tilleggsnæringar blir innarbeidd i planen.	Tatt til orientering, tekst korrigert i endeleg planprogram , drøfta i saksframlegg
<b>Høgskulen på Vestlandet</b>	

Innspel	Merknad/Oppfølging
HVL er grunnleggende positiv til dei fire uttrykte hovudmåla i utviklingsplanen, og som denne planen byggjer på. Stor grad av samanfall mellom desse og målsettingane i høgskolen sin eigen strategi. Støttar val av plantema, understrekar i høyringsfråsegna at det er viktig med kunnskapsbaserte planprosessar i det vidare arbeidet.	Tatt til orientering, oversendt alle arbeidsgruppene
Understrekjer her kor viktig forskings- og innovasjonssamarbeid mellom næringsliv, akademia og offentleg sektor er for å møte dei utfordringane Vestland vil stå overfor dei komande åra. Dei bidreg også med relevante utdanningar og ph.d./masterprogram.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 Omtilling og fornying
Høgskulen har lang tradisjon for tett samarbeid med lokalt og regionalt næringsliv. Med fire campus i fylket er HVL ein viktig kompetanseleverandør for forsking og innovasjon, berekraftig verdiskaping og regional utvikling. Dette skjer i tett samspele med andre regionale aktørar.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 2 Bergen som motor...
Støttar eit breiare perspektiv på innovasjon og næringsutvikling slik planprogrammet legg opp til.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 3 Innovative samfunn og like moglegheiter til å delta i verdikaping
Ønskjer å bidra i det vidare arbeidet med den regionale planen.	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt
<b>Voss herad</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
God næringsutvikling føreset regional samordning og koordinering - næringsplanen som eit overordna og overgripande dokument som ein skilde kommunale næringsplanar bør bygge opp under.	Tatt til orientering, oversendt alle arbeidsgruppene
Kommunikasjon og infrastruktur grunnleggande premiss / føring i arbeidet med regional plan for næringsutvikling og innovasjon	Tatt til orientering, oversendt alle arbeidsgruppene
<b>Visit Bergen</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Viktig å satse på digitalisering og innovasjon i reiselivet. Gjerne i kryssningspunkt med andre klynger.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
Stiller gjerne med ytterligare innspel i prosessen med å utvikle planen	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt
<b>Vidar Sætre, Øvre Ervik</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Støttar dei fire føreslegne målsetjingane, bortsett frå eit delmål under mål 1: om å bli det leiande verdiskapningsfylket. For det å bli best på verdiskapning, altså høgast mulig vekst i BNP pr innbyggjar, kan lett koma i konflikt med mål nr 3 om at klima og miljø skal vera premiss for utviklinga.	Tatt til orientering som innspel til vidare administrativt
Ta med eit historisk tilbakeblikk på næringar som tidlegare har vore viktige i fylket. Konkret vil eg nevna tekstilindustri, som for tida i svært stor grad har vorte utkonkurrert av lågkostland. Detta spesielt fordi tekstil må reknast som ei basisnæring, dvs ei næring som dekkar eit viktig behov hjå innbyggjarane.	Innspel er vurdert ikkje tatt til følgje

Vestland fylkjeskommune må påverke nasjonale forskrifter for å støtte opp om teknologien, tollsats på importerte teknologier og transportavgifter. Samtidig med å arbeide for å auka trua på at norsk klesproduksjon kan lønna seg internt i fylket	Innspel er vurdert ikkje tatt til følgje
Opprette ein kontrollinstans som har i oppgåve å "vake over at vekst og verdiskapning skjer (må skje) innanfor forsvarelege rammer og sikrar viktige miljø- og naturverdiar"	Innspel er vurdert ikkje tatt til følgje, blir vurdert å vere utanom planen sitt formål
Eige plantema om knytt til korleis utvikle berekraftige og smarte byar - dette handlar mykje om a) korleis redusere reiebehovet b) subsidiere utkjøring av varer til kundar, finansiert med parkeringsavgifter henta inn i kjøpesentra.	Innspel er vurdert ikkje tatt til følgje
Fylkeskommunen bør få høgare direkte skatteinntekter	Innspel er vurdert ikkje tatt til følgje, blir vurdert å vere utanom planen sitt formål
<b>Stiftinga Vestlandsforsking</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Ynskjer bli med i vidare prosessar med arbeidsgrupper	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt
Fleire begrep/omgrep treng betre definisjonar for å unngå unødvendig debatt og mistydingar. Døme; berekraft, vekst, klima, miljø mfl. Eit eige kapittel som deinerer eller klårger omgrepene. Kva er meint med omgrepene, kva er intensjonen med bruken.	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt
Ønsker refleksjon om korleis ein ynskjer å løyse klassiske dilemma når deg gjeld vektning mellom vekst og miljøhensyn.	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt
Vidareføre gode prosessar og (prosjekt)modellar - Viktig å ta med gode prosessar og (prosjekt) modellar frå Hordaland og Sogn og Fjordane inn i ny plan. Oppfordrar til høg fokus på god kopling og kunnskapsflyt mellom forsking, næringsliv, offentlege aktørar, utdanning mfl. Bidra til å etablere gode fora og kontaktpunkt som stimulerer til nytenking og innovasjon	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt og oversendt arbeidsgruppa for verktøykassen
Sirkulærøkonomi - Lære frå næringer som er komt langt - bruk av pilotprosjekt kan vere fornuftig	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 Omstilling og fornying
Utdanning/etterutdanning - Bra med høg merksemd på utdanning, tilrår sterkare merksemd på etterutdanning.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 3 Innovative samfunn og like moglegheiter til å delta i verdiskaping
Bergen som motor - Tiltrår heller å ha merksemd på "smart communities" heller enn "Smart city" og Smart rural areas" - er med på å bryte ned barrierar mellom by og land	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 2 Bergen som motor...
Reiselivsatsing - Oppfordrar til refleksjon om kva reiseliv vi ønskjer i Vestland	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 Omstilling og fornying
Energieffektivisering har vist seg å ha eit svært stort potensiale når det gjeld å redusere klimagassutslepp, samstundes som det bidrar til god privat- og samfunnsøkonomi. Det er enorme potensial i ulike næringar når det gjeld energieffektivisering (bygg, transport, prosessindustri mfl). I tillegg vil energieffektivisering kunne løyse mange av dilemma mellom vekst og miljø.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 Omstilling og fornying

Vi oppfordrar til å løfte samarbeid som ei hovudparole for nye Vestland fylke	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt og oversendt arbeidsgruppa for verktøykassen
Universitetet i Bergen Innspel	Merknad/Oppfølging
Viser til fleire aktuelle verdikjeder for smart spesialisering som er knytt til satsingar ved universitetet og andre forskingsmiljø.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 Omstilling og fornying
I lista over aktuelle verdikjeder for smart spesialisering manglar akvakultur/sjømat	Tatt til følgje - Endring er av mindre karakter og ikkje presentert i saksframstilling.
Saknar omtale av korleis marine områder, særleg kystnære områder, inngår i dette plantemaet.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plasntema 4 Arealbruk
Når det gjelder arealspørsmål vil UiB påpeike at t.d. interessekonflikter der omsynet til biologisk mangfold eller karbonlagring sett i sammenheng med verdiskaping og arbeidsplassar, må vurderast opp mot kvarandre.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plasntema 4 Arealbruk
Krisa er ein katalysator for helseinnovasjon og e-helse. Utfordringar og problemstillingar som har blitt reist dei siste månadene viser at det er store muligheter og behov for teneste- og produktutvikling, særlig innan e-helse og omsorgsteknologi. Her har Vestland/Bergen allerede ein god posisjon med Alrek Helseklynge og med sterke forskingsmiljø innan folkehelse, helseregistre og medisinsk AI.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 Omstilling og fornying
Krisa medfører meir bruk av heimekontor og viser muligheten for eit meir desentralisert arbeidsliv, og dermed også for breiare deltaking i arbeidslivet. For øvrig har krisa synliggjort UiB sin kompetanse og mulighet til å delta i klynger og samarbeid, og vist at UiB kan vere ein trygg og stabil kunnskapspartner i vanskelege tider.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 Omstilling og fornying
Når det gjeld spørsmål om urban og kommunal planlegging og arealbruk sett i samanheng med klima, miljø og velferd, kan det vere relevant å vurdere om nye tema knyttet til Covid19-pandemien skaper behov for nye tilpasninger i mobilitet og utforming av fysisk infrastruktur og busetting. Ein mer digitalisert økonomi vil fremje endringar i vårt daglege liv, organisering av tenester som f.eks. helse og utdanning, men også utfordre samfunnsplanlegginga.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 Omstilling og fornying
korleis kan forskings- og utdanningsinstitusjonane i regionen bidra til innovasjon og næringsutvikling?	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for Verktøykasse
Offentlege innkjøp som strategisk verktøy i det grønne skiftet er eit viktige tema. Slike innkjøp utfordrar både tilbud og etterspurnad når det gjeld implementering. Entreprenørskap, inkludert etableringar med eit miljømessig eller sosialt fokus, framstår også som relevant. Det same gjeld sirkulærøkonomiske tilnærmingar knytt til næringsutvikling og fysisk planlegging.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for Verktøykasse

<p>Planprogrammet brukar formuleringa «innovasjon og næringsutvikling» som er underforstått kommersiell innovasjon. Vi vil påpeke at 'innovasjon' inkluderer meir enn kommersiell produkt/teknologiutvikling. Innovasjon inkluderer også 'mjuk' innovasjon (sosial innovasjon, tenesteinnovasjon, leiingssinnovasjon) som er særleg viktig for t.d. e-helse og folkehelse, desentralisering av arbeidsplassar, handtering av covid 19-krisa, utvikling av og deltaing i 'smarte samfunn/byar' og løysning av store samfunnsoppgaver.</p>	<p>Tatt til følgje - Endring er av mindre karakter og ikkje presentert i saksframstilling.</p>
<p>UiB vil understreke at innovasjon rekk ut over den teknologiske dimensjonen. Sosial innovasjon, herunder utvikling av rettslig rammeverk, er ein føresetnad for vidare utvikling på ei rekje samfunnsområder.</p>	<p>Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 Omstilling og fornying og arbeidsgruppa for Verktøykasse</p>
<p>Felles fråsegn få Ullensvang kommune, Hardanger Industri, Ullensvang reiseliv, Odda by, Siderklynga, Næringshagen i Odda, Hardanger Fjordfrukt</p>	
<p>Innspel</p>	<p>Merknad/Oppfølging</p>
<p>Ta heile fylket i bruk. Motstridande signal i planprogrammet om forholdet mellom sentralisering og desentralisering. Må tydeliggjere kva som er målettinga.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid</p>
<p>Bu- og arbeidsmarknadsregionar må få eit eige kapittel i planprogrammet for å løfte fram kor viktige dei er. Det er avjerande å utvikle naturlege bu- og arbeidsmarksregionar med dei fasilitetar som krevst for å sikre livskraft i eit slikt område. Døme; Betre framkommelighet, sikrare skule- og arbeidsvegar, Rassikring, Utbetring av vegar. Hindringar for utvikling av busetnad og næring må handterast slik at regionen kan få ei berekraftig utvikling. Nærleik til offentlege funksjonar, t.d. Innovasjon Norge, er viktig for å sikre god fasilitering og tilrettelegging for innovasjonsprosessar.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid</p>
<p>Tettstader og senter - Begrepsbruk – Det er nytta ulike omgrep når ein omtaler tettstader. Som regionsenter, mindre tettstad og større tettsted. Det trengs ei avklaring på kva dette tyder, og kva tettstader som fell i dei ulike kategoriane. Viktig for å vete kva prioriteringar ulike stader har, og kor fylket si satsing skal vere.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid</p>
<p>Bergen og heile fylket - Kan påstanden "Dersom Bergen ikkje er attraktive for busetting og lokalisering av bedrifter, vil det også over tid bli vanskeleg å halde opp balansen i busettinga i resten av fylket" godtgjerast? Gjeld dette heile fylket eller dei "bergensnære" områda?</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid</p>
<p>Planprogrammet må leggja til rette for ei utjamning av maktforholdet mellom Bergen og distrikta. På same måte som Bergen og Vestland ynskjer å utjamna maktforholdet mot Oslo.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid</p>
<p>For at Bergen skal fungera som ein motor må ein knyta regionane saman med betre infrastruktur. Samferdslemessig må Hardangerregionen prioriterast. Infrastrukturen for vårt næringsliv treng ei kraftig oppgradering, noko som vil bidra til auka verdiskaping. Vi er einige i at gode regionale løysingar for transport og næringsareal er svært viktig for framtidig verdiskaping i fylket.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid</p>
<p>Det bør utarbeidast ei analyse av kva Bergen har å bety for omlandet og heile fylket og omvendt, kva resten av fylket har å bety for Bergen.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid</p>

<p>Desentraliserte arbeidsplassar Eit viktig verkemiddel for å ta heile fylket i bruk er å flytta statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar til distrikta, herunder delar av verkemiddelapparatet hjå Innovasjon Norge. Dette meiner me er verkemiddel som vil bidra til store synergieeffektar både for næringslivet og Vestland fylke som heilskap. Det blir oppmoda om at det blir utvikla ein plan/strategi for desentralisert fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar i dei større regionssentra (døme; Odda, Voss, Sogndal, Førde, Stord).</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid</p>
<p>Medverknad frå distrikta - For vidare å sikra distrikta sin medverknad må Vestland fylkeskommune nytta fleire representantar frå distrikta inn i arbeidsgrupper og utval. Til dømes registerer me at distrikta ikkje er representert i Administrativ styringsgruppe. Fylket må organisera ei eiga gruppe for dei større tettstadane i fylket, og ein representant frå denne må vidare ha plass i den administrative gruppa. Me oppmodar og fylkesadministrasjonen om å etablera strategiske partnarskapsavtalar med sentrale aktørar i dei definerte regionssentra/større tettstadane i fylket.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid</p>
<p>Viktige verdikjeder er ikkje omtalt – Industri, kraftproduksjon, reiseliv og landbruk skaper store verdiar og mange arbeidsplassar i Vestland fylke. Fylkeskommunen må retta sitt fokus også på andre område enn kysten for å legge til rette for å nyte dei vekstpotensiala som er der.</p>	<p>Tatt til orientering, tekst korrigert i endeleg planprogram , drøfta i saksframlegg</p>
<p>Regional strategi for industri - Det må lagast ein eigen strategi for industrien. Både for å formidla kva industrien faktisk er og står for, vera med å løfta denne ytterlegare, og leggja til rette for vidare industriell arbeidsplassvekst. Industrien har moglegheit for å skapa endå større synergiar, og har eit enormt vekstpotensial. Planprogrammet må underbygga og støtta opp om desse moglegheitene. Vårt inntrykk er at kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for analyser og utkast til planprogram har for stort fokus på historisk utvikling i arbeidsplassar, og i for liten grad tek omsyn til betydninga industrien har for distrikta, og resten av fylket, med potensiell framtidig vekst og moglegheiter for synergiar til andre bransjar.</p>	<p>Tatt til orientering, tekst korrigert i endeleg planprogram , drøfta i saksframlegg</p>
<p>Regional plan for vasskraft - til liks med regional plan for vindkraft. Slik det no framstår vert omtalen av vasskraft fragmentert og splitta opp i ulike planar. Dette er ein viktig ressurs, og må handterast deretter. Mogleg ein ny regional klimaplan kan dekke vasskraft, men det er usikkert. Vasskraft må nyttast nær produksjonskjelda for å auka verdiskaping og støtte opp om etablering av bedrifter. Vasskraft er ein av dei store konkurransefortrinna fylket har</p>	<p>Tatt til orientering, tekst korrigert i endeleg planprogram , drøfta i saksframlegg</p>
<p>Innovative samfunn og like muligheter - Rekruttering og kompetanse er svært viktig for utvikling. Etter vår vurdering er kompetanse og utdanning for lite trekt fram i planprogrammet. Vil at fylket skal arbeide for meir desentralisert modell for utdanning og utdanningsløp.</p>	<p>Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 3 Innovative samfunn og like ...</p>
<p>Arealbruk – Identifiserte regionsentra må ha tilstrekkelig areal for næringsutvikling. Fylkeskommunen må ha ein strategi som støttar opp om planmessig utvikling av areal til næringutvikling, mellom anna i strandsona. Ein regional plan for vasskraft, som nemnt ovanfor, vil bidra til god arealutnytting i områda med knapt areal. Planprogrammet må støtta opp om utviklinga av regionsenter og kommunedelsenter, og særlig vektleggja tilrettelegging av areal for barn og unge. Vidare må planprogrammet støtta opp om regionsenterarbeidet som fylkeskommunen allereie har iverksatt.</p>	<p>Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 4 arealbruk</p>
<p>Positiv til at det blir utvikla ein temaplan for landbruk. Det er stort potensial for å utvikle fleire, og vidareutvikle eksisterande, verdikjeder gjennom bruk av lokale råvarer.</p>	<p><i>Innspel er vurdert Ikjje tatt til følgje, kommetert i saka</i></p>

Ønsker å utvikle temaplan for reiseliv. Reiseliv er ei kompleks og viktig næring som vil forsvinne i ein felles plan for innovasjon og næring. Adresseringa av reiselivet sin status og behov vil bli for generell og fragmentert i ein plan for innovasjon og næringsutvikling.	<i>Innspel er vurdert Ikke tatt til følgje, kommetert i saka</i>
Ungt entreprenørskap  Innspel  Stiller seg til disposisjon i planarbeidet	  Merknad/Oppfølging  Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt
Behov for entreprenøriell kompetanse. I eit arbeidsliv der omstillingsevne og endringar i kompetansebehov er sentralt, vil samarbeid, problemløysing og kreativitet, kritisk og sjølvstendig tenking og refleksjon vere viktig. Entreprenøriell kompetanse kan oppnåast ved å styrke rolla til innovasjons- og entreprenørskapskompetanse i heile utdanningsløpet frå grunnskule til høgare utdanning.  Elev- og studentaktiv læring knytt til entreprenørskap verkar. Forsking viser at læringsutbyttet aukar baseert på når i utdanningsløpet dei unge begynner å jobbe med kreativitets- og entreprenørskapsprogrammer, med grad av tverrfaglig kontekst, og lengda på programma og integreringa i andre fag. Bidrar til å motiverer unge som kanskje ikkje trivast så godt med tradisjonelle undervisningsformar.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 omstilling og fornying
Smart spesialisering og Innovative samfunn - Ungt Entreprenørskap Vestland nytter entreprenørielle oppdagingsprosesser i sitt arbeid med elevar og studentar.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 omstilling og fornying og plantema 3 Innovative samfunn og like ...
Tom Dybwad, Sogndal  Innspel	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 omstilling og fornying og plantema 3 Innovative samfunn og like ...
Urørd natur - energi produksjon - Ta vare på naturen og ikkje ukritisk bygge ut vass- og vindkraftdersom det ikkje er lokalt behov. Lokalt næringsliv få tilgang til energi vs eksport av energi frå fylket - mest mulig kortreist energi som ikkje sløsast bort på unyttig kraftkrevjande verksemder som bitcoin, kryptovaluta og datasentre.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 4 Arealbruk
TioTech AS  Innspel	  Merknad/Oppfølging
Vi har godt økosystem for oppstartbedrifter, men treng styrke det for bedrifter som skal ta steget frå laboratorium til marknad. Mangler infrastruktur for pilot-testing.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 omstilling og fornying
Tilgang til grøn, billig energi. Legge til rette for å drive fram det grøne skiftet gjennom å gi bedrifter tilgang til grøn, billig energi	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 omstilling og fornying
Paradoks at Vestland har eit stort overskot av grøn kraftproduksjon, samstundes som det er mangel på rein energi til ny industri. Vi meiner at tilgangen til rein energi i nokre av områda som er klarlagde for industriutvikling, er for dårleg. Dette må gjerast til prioritet, dersom mange av måla i planen skal nåast.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 omstilling og fornying

Tilgang til risikokapital viktig for bedrifter som skal vekse og utvikle produkta sine ut over oppstartfasen	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 omstilling og fornying
Legge til rette for ei finansieringsordning, etter modell av European Innovation Council, som kan bidra til at innovative bedrifter i regionen vil vekse og gi nye, spesialiserte arbeidsplassar.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 omstilling og fornying
Stad kommune	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Samd i behov for felles strategisk plan for innovasjon og næringsutvikling - sluttar seg til planarbeidet	Tatt til orientering
Bergen som motor i det nye fylket er bra - men krev at Bergen ser verdien av regionen rundt og gode kommunikasjonar.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 2 Bergen som motor ...
Støttar målet om at "Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn omstilling og innovasjon i næringslivet». Dei nasjonale forventningane om at det vert lagt til rette for å auke verdiskaping og innovasjon basert på regionale og lokale ressursar blir då svært viktig å følgje opp også i praksis.	Tatt til orientering, oversendt alle arbeidsgruppene
Vi støttar det regionalpolitiske perspektivet om at heile fylket skal takast i bruk, og at politikken då må differensierast ut frå ulike behov i ulike delar av fylket.	Tatt til orientering, oversendt alle arbeidsgruppene og blir følgt opp administrativt
Støttar bruk av metoden smart spesialisering	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 omstilling og fornying
I lys av koronapandemien viktig å omsette metoden "smart spesialisering" til ein felles strategisk plan, og til praksis i samarbeid med næringsliv, verkemiddelapparat og kommunar.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 omstilling og fornying og administrativt
I Nordfjord-regionen er det mange næringar som er gjensidig avhengig av kvarandre. Både som bu- og arbeidsregion, men også i forhold til innovasjon og næringsutvikling.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 2 Bergen som motor ...
Tilgang til kompetanse, utdanning og FoU til næringslivet i heile fylket – i eit perspektiv om livslang læring/jamnleg kompetansepåfyll.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 3 innovstive samfunn og like ...
Fleksibel plan og ein samarbiedskultur som gjer at vi kan "snu oss raskt" når situasjonen krev det, og godkjenne og gripe moglegheitene når dei er der.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for verktøykasse
Arealbruk og arealplanlegging - viktig for å oppnå langsiktig balansert forvalting av natur, kulturmiljø of kulturlandskap . Innovasjon i næring krev også innovativ samfunnsplanlegging, og arbeidet med retningsliner og strategiar for næringsareal i fylkeskommunal og kommunal planlegging bør ta innover seg dette.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for arealbruk

Samskaping - Fylkeskommunen bør gjere seg kjend med KS sitt arbeid knytt til «samskaping», som har blitt lansert som ein metode for å skape eit berekraftig velferdssamfunn. Å finne gode koplingar mellom fylkeskommunen og kommunane sitt omstillingsarbeid knytt til det å yte velferdstenester, meiner vi er viktig.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for verktøykasse
Vi er samd i at innovative samfunn og like mogleigheter til å delta i verdiskaping blir eit viktig grep, men ser også at temaet rommar mykje - alt frå lokalt bulystarbeid til eit desentralisert utdanningstilbod. Distriktsenteret, NAV, kommunane, frivillige lag- og organisasjonar og næringslivet vil alle kunne gi viktige perspektiv inn i planarbeidet. Og koplinga mot dei andre regionale planane blir også her viktig.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 3 innovstive samfunn og like ...
Øygarden kommune	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Planprogrammet må til ein viss grad differensiera mellom dei ulike regionane i Vestland fylke grunna ulike lokale strukturar, folkesetnad og næringsliv	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 2 Bergen som motor ...
Øygarden kommune har sterkt fokus på prosjekt knytt til CO2-lagring, flytting av Bergen hamn og bygging av nytt Sotrasamband. Dette må vektleggast i det vidare arbeidet	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 omstilling og fornying
Ber om at kommunen og lokale næringsaktørar er sikra god medverknad i planarbeidet gjennom dialog og tilgjenge til informasjon og oppfølging	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt
HAFS Regionråd	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Det overordna målet er godt og dekkande, men må ha med ein ambisjon om forbetra kommunikasjonar som grunnlag for framtidig innovasjon og verdiskaping.	Tatt til orientering
Ut frå erfaringane frå reiselivsåret 2020, bør det settast i gang eit analysearbeid for å finne ut korleis vi også i framtida kan få full utnytting av reiselivspotensialet i heile Vestland. Bør ha ein betre distribuert vestlandsk turisme framover.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid. Truleg dekka av eksistrande arbeid.
Vestland bør satse på havbruk, og legge særskilt til rette for nyskapande miljøinvesteringar innanfor denne næringa.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
Vi må sette fokus på energifylket Vestland og utbygging av infrastruktur for karbonfrie transportløysingar langs kysten. Heile kysten av Vestland bør vere eit geografisk satsingsområde for kopling mellom fornybar energi og bruk av denne i alle typar skipsfart.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
HAFS Regionråd meiner også at vi må leite etter smartare måtar for utnytting av den kapitalen som ligg bunden i fråflytta gardsbruk i utkantane.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
HAFS Regionråd er særсnøgde med at det vert sett fokus på samspelet mellom Bergen og omlandet når det gjeld innovasjon og næringsutvikling. Politikk og verkemiddelbruk må differensierast ut frå ulike behov i ulike delar av fylket, men både Bergen, regionale senter og mindre lokalsamfunn må satsast på for å få dette til. Også lokalsamfunna må tiltrekke seg høgt kvalifisert arbeidskraft i tida framover.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid

Samspelet mellom sentrum og periferi er eit viktig premiss, og trygge og effektive kommunikasjonar må prioriterast særskilt høgt. HAFS Regionråd meiner difor at både ferjedrift, hurtigbåtar, flyruter og flyplassstruktur høyrer med som eit satsingsområde i ein plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland.	Ikkje tatt til følgje - Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring. Dette høyrer heime i andre planar, men viktig å få til god samordning
Samde i at det kan formulerast overordna retningslinjer og strategiar for arealbruk i næringssaker, men må unngå at planen vert eit sentraliseringsverktøy som flyttar innovasjon og innovative investeringar bort frå lokalsamfunna og naturressursgrunnlaget. Planen bør formulere strategiar for å stimulere investeringar på lokalitetane der storparten av verdiskapinga finn stad.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 4 Arealbruk
HAFS Regionråd ønskjer at Telemarksforsking sin rapport 549 (2020) : Tiltak for å stimulere til økt innovasjon og utvikling i små distriktskommuner bør takast med som ein del av kunnskapsgrunnlaget i det vidare arbeidet.	Tatt til følgje - Endring er av mindre karakter og ikkje presentert i saksframstilling.
Innlandet fylkeskommune	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Kommenterer offensiv tilnærming til eigen utvikling, ved å sende planprogram på høyring samtidig som utviklingsplanen, men peikar på at det kan vere utfordrande om de kjem endringar i utviklingsplan etter høyring/politisk handsaming.	Tatt til orientering
Planprogrammet er bygd opp rundt smart spesialisering og berekraftsmåla på ein god måte, og har ei tydeleg kopling til den regionale utviklingsplanen. Vestland har mange regionale planer /strategier. Det stiller større krav til tverrfagleg arbeid og samhandling for å planlegge heiskapleg. Korona-pandemien har endra fremtidsutsiktene for heile Noreg og vil prege landet, fylka og kommunane over tid. Dette gir utfordringar for strategiske val og planlegging.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
Å møte framtidas utfordringar og samstundes tavare på basisnæringane utløyer dilemmaer og trøng for balanse i det vidare planarbeidet.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
Forskning og undervisning har fått et tydelig fokus i planprogrammet, noko som er viktig dersom det skal arbeidast etter et mål om fornying.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
Peikar på at arealbruk er eit krevjande område som må koplast mot heiskapleg, overordna arealbruk. Balansen mellom bruk og vern tek opp i seg mange problemstillingar utover innovasjon og næringsutvikling. Er interessaert i å følgje med på arbeidet vidare.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
Kompetanse/kompetansebehov kopla til næringsutvikling bør koma tydlegare fram, og Kompetanseforum bør involverast i arbeidet.	Tatt til følgje - Endring er av mindre karakter og ikkje presentert i saksframstilling.
Innovasjon Norge	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Vestland er veldig sårbare i høve utviklinga i oljeindustrien. Vi må satse på utvikling av større prosjekt, satse på dei bedriftene som har stort potensiale og som kan leia an i omstillinga av næringslivet i regionen. Vi må sørge for nødvendig kompetanse. Vi må tenke stort saman, og vi må ha evne til å gjennomføre,	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid

Vestland kan bli best på berekraftige løysingar for verdiskaping frå havrommet. Viktige næringar framover er hydrogen, havvind, fiske og havbruk og grøn skipsfart.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for Plantema 1 Omstilling og fornying
Bra med smart spesialisering som metode. IN vil understreke kor viktig det er at ein orienterer seg internasjonalt. Må sjå på kva eksisterande og nye økosystem i verda vi bør vere tett på, forstå og utvikle relasjonar til. Har mykje å vinne på å følge EU sitt arbeid (spesielt missions og sirkulærøkonomiplanen) i prioritering og planarbeid.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
Er einige i at Bergen har stor betydning som motor i regionen. Men også andre organisasjoner, kompetansesenter, klynger vil spele ei rolle her. Bør ikkje berre knyte det til ein regional dimensjon.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 2 Bergen som motor
Minst like viktig som den sosiale dimensjonen er det å ha relevant kompetanse for å delta i verdiskapinga. Vi må sørge for at vi har mange nok, og sterke nok, kompetansemiljø i regionane som forsterkar verdiskapinga.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 3 innovstive samfunn og like ...
Er einige i dei plantema som er føreslått, men ynskjer eit nytt plantema; Eksport/internasjonalisering. Vestland er eksportfylke nr 1, men er sårbare fordi eksport av raffinerte petroleumsprodukter utgjør nær 50 % av vår eksport. Vi har ei krevjande oppgåve med gradvis å erstatte ein nedgang i eksporten frå oljeindustrien. Det er ei så viktig oppgåve at det fortener eit eige tema i planen.	Innspel er vurdert ikkje tatt til følgje, kommetert i saka
Invest in Bergen	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Støttar internasjonal eksportindustri som ekstra tema dersom dette ikkje alt er dekkja gjennom dei foreslårte næringane: fornybar energi, sjømat, maritim næring og prosessindustrien.	Innspel er vurdert ikkje tatt til følgje, kommetert i saka
Fornybar energi er viktig for prosessindustrien, for omstilling og fornying av maritim og marin næring. Grøn industri innan prosessindustrien omfatter også nye område som hydrogenproduksjon (grønn og blå), batteriteknologi, datasenterdrift m.m. Tilgang på elkraft er ei kjempeutfordring som i for liten grad er sett fokus på i planprogrammet.	Tatt til følgje - Endring er av mindre karakter og presentert i saksframstilling.
Peikar på digitalisering og tilgang til grøn fornybar energi som kanskje dei to vesentlegaste premissjeverane for utviklinga framover. Operatørane og tilbyderane av tomt og tilhøyrende tenester må levere på dette. Samarbeidsprosjektet «GreenByte» er eit prosjekt i tråd med føreslårte satsing.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for Plantema 1 Omstilling og fornying
Ser trong for aktiv samhandling mellom Bergen og omlandskommunane for å skape vinn-vinn-situasjoner. Peikar på naturleg arbeidsdeling mellom by og omland med omsyn til ulike typer næringar og industri. All vesentleg industriproduksjon vil krevje tilgang til nye næringssareal for framtidig vekst.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 2 Bergen som motor ...
Støttar arealbruk som eige tema. For å være med i den internasjonale konkurransen, må regionen sørge for å tilrettelegge for nok næringssareal. I seg sjølv vesentleg for næringssutvikling, men fylkeskommunen for eigen del treng planverktøy der viktige næringssareal er fanga opp slik at ein kan vekte mot anna konkurrerande bruk eller vern	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 4 Arealbruk
Regelverket må ikkje gjere det vanskelegare, eller meir utfordrande for kommunene, å legge til rette for ny næring og ny industriutvikling.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 4 Arealbruk

Eit viktig element i fylkeskommunen sin strategi for «datasenter og digital infrastruktur» er fokus på fibertilgangen internt i fylket og inn og ut av fylket. GreenByte prosjektet er ein del av denne strategien. Invest in Bergen har utarbeida ein «datasenterstrategi». Rapporten vil bli oversendt fylkeskommunen med ei oppfordring om å ta med seg anbefalingane inn i arbeidet med næringsplanen.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
Saman med tilgjengelege areal er elkraft dei viktigaste innsatsfaktorene for nye initiativ som datasenter, ny grønn prosessindustri og andre større etableringar. Den utfordrande elkraftforsyninga i regionen generelt, og opp mot Bergensregionen spesielt, er underkommunisert i planprogrammet. Vi synes at dette tema må få tilstrekkelig fokus i det kommende planarbeidet, gjerne også gjennom aktuelle bestillinger av nye analyser. Må minimum forankrast i Scenarioprosjekt.	Tatt til følgje - Endring er av mindre karakter og ikkje presentert i saksframstilling.
Vil svært gjerne delta i det videre arbeidet med plantema arealbruk, gjerne gjennom arbeidsgruppa. Invest in Bergen / Greenbyte vil også tilby vår kapasitet som et bidrag i dei ulike (plan) prosessane i dei aktuelle kommunane.	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt
<b>Maskinentreprenørenes forbund</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Både plantema og innretning på planen er konstruktiv og framtidsretta. Viser FNs berekraftsmål nr 17: «Samarbeid for å nå måla» og peikar på at det er viktig med lokal kjennskap og heilskapleg bilete av fylket sine samla interesser, utfordringar og moglegheiter, gjennom god dialog med blant anna bransjeforeiningar, næringsorganisasjonar, regionråd og andre kunnskapsmiljø.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
Fylket må vere pådrivar for at vi får eit skatteregime som er konkurransedyktig for bedriftene	Innspel er vurdert ikkje tatt til følgje, ikkje tema for denne planen
Fylket må sørge for å bevare og styrke, samt skape nye private arbeidsplassar.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
Maskinentreprenørenes Forbund (MEF) ynskjer å delta aktivt i arbeidet med å utvikle Regional plan for innovasjon og næringsutvikling.	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt
Bygg og anlegg har fått mange miljøkrav allereie i offentlege kontraktar, og er inne i ein kapitalkrevjande omstettingsprosess. Det må tilretteleggast for at grøne investeringar bidreg til auka verdiskaping og sikrar arbeidsplassar lokalt og regionalt.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 Omstilling og fornying
Vil at bygg og anlegg blir ei næring som også blir omtalt i planen til liks med andre næringar som olje og gass, havbruk, energi og reiseliv m. fl.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 Omstilling og fornying
Det grøne skiftet er ein drivar for framtidig utvikling av fylket. Kraftressursane våre må vi kunne utnytte meir i eige fylke. Det må og leggast til rette for at fornying og oppgradering av eksisterande kraftanlegg, samt det potensielle fylket har innan hydrogen, blir del av utviklinga.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 Omstilling og fornying
For å bruke den gode drivkrafta som Bergen innehavar, krev det ein by som ser verdien av heile fylket med gode kommunikasjons- og samarbeidsformar som er til det beste for den utviklinga av verdiskapinga og konkurransekrakta ein vil ha. Peikar på samarbeid frå mange aktørar som viktig.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 2 Bergen som motor
Det er viktig at det blir stimulert til lokal deltaking og at myndighetene skaper interesse og legg til rette for lokalt eigarskap og investeringar i bedrifter og næringsliv.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 3 innovative samfunn og like ...

Tilgang på kompetanse, utdanning og FOU til næringslivet i heile fylket er eit av dei viktigaste momenta for framtidig utvikling. Desentralisert utdanning må vere tilpassa næringslivet sine behov både sentralt og lokalt i fylket. Særleg viktig innan bygg og anlegg der behovet for fagarbeidrarar og ingeniørar er stort i åra framover.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 3 innovative samfunn og like ...
For at vi skal få ei god utvikling av velfungerande samfunn (lokalt/regionalt), vil det vere naudsynt med gode overordna føringar med eit kunnskapsbasert grunnlag. Meiner «særinteresser» og rekkefølgjekrav er førande for kor ein kan utvikle og etablere nye næringsareal og naturressursar. Planarbeidet i det offentlege må ta høgde for skiftande rammevilkår og behov for omstilling, slik at det ikkje hindrar eller stoppar opp ei berekraftig næringsutvikling.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 4 Areal bruk
Museum Vest	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Svært positive til det overordna målet om at Vestland skal være det leiande verdiskapningsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn omstilling og innovasjon i næringslivet. Kulturmiljø, kulturarv, turisme, reiseliv, forståing og formidling av dei einskilde næringane, vil ha ei viktig rolle i denne ambisjonen. Bør bli tydeleggjort sterkt i arbeidet under de ulike plantemaene.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
Vil vere skilnad på når og korleis ulike næringar vil hente seg inn etter koronapandemien. Bør jobbe målretta med langsiktige tiltak for næringar som vil ha langvarige utfordringar.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
Støttar at den sosiale dimensjonen løftar fram like muligheter til å delta i verdiskapning, legge til rette for integrering av flyktingar i samfunn og arbeidsliv og følge opp arbeidsinnvandring.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 3 innovstive samfunn og like ...
Under punkt 4.5 Temaplaner som skal arbeides inn har Museum Vest følgjande innspel: Det bør vurderast om ikkje arbeidet med temaplan for reiseliv bør framskundast. Samspillet mellom kultur og reiseliv må ha eit særskilt fokus.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
Konsekvensane av pandemien for Vestland som reiselivsdestinasjon/kulturdestinasjon bør kanskje vere utgangspunkt for ein eigen analyse.	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt. Truleg dekkja av eksistrande arbeid.
Ynskjer å bli involvert. Det er viktig at ein ser den rolla som kulturinstitusjonar har som reiselivsmål, aktør og samarbeidspart. Naudsynt med sektorovergripande involvering i planprosessar. Musea er del av kunnskapsmiljø.	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt
NAF Ytre Sogn	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Eit godt utbygd vegnett, god og samordna kollektivtrafikk i heile fylket og godt utbygd infrastruktur kring samferdsle er ein føresetnad for næringsutvikling og innovasjon i heile fylket. Difor må ein regional plan for næringsutvikling og innovasjon samordnast med nasjonal- og regional transportplan for å kartlegge framtidige transportbehov.	Tatt til orientering - samordning av ulike planprosessar vil vere sentralt framover

Både innovasjon og næringsutvikling krev tilgang på rett kompetanse. Det betyr først og fremst at dei vidaregåande skulane tilpassar utdanningstilbodet sitt til behova næringslivet har.	Tatt til orientering, ikkje denne planen sitt område. Men ein del av koordineringa med andre planar og sektorar
Fylket må snarast få på plass eit samordna ungdomskort for heile fylket. 2	Ikkje tatt til følge - ikkje aktuelt for denne planen
Dokumentet seier lite om kva som skal vere regionsentra. E39 peikar seg ut som den aller viktigaste ferdelsåra nord-sør, og vegstandarden må minimum vere gul midtstripe heile vegen. Må sjå på behovet for kommunikasjon mellom Bergen og dei enkelte regionsentra for å sikre næringsutvikling og innovasjon.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema Bergen som motor ...
Vegstandard i høve pendling, arbeidsreiser, få levert varer og tenester og å sikre liv og helse på vegane vil vere essensielt. Men også turistnæringa vi ha behov for betre vegar og gode rutetilbod, samt god informasjon om kva vi kan tilby turistane langs vegen.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid.
Omstillinga til meir klimavennleg transport og reinare energi, der vind- og vannkraft blir meir aktuelt, gjev ein krevjande balansegang mellom naturbasert fritid og reiseliv og utbygging av vindmølleparkar, for å nemne noko. Betre utnytting av vasskraft og vidareutvikling av hydrogen som drivstoff er interessante satsingsområde når det gjeld framtidas mobilitet.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid.
<b>Naustforeninga Nytt i Naust</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Det sentrale i dette prosjektet må vere å tilrettelege på plansida for å forenkle prosedyrar, dispensasjonskrav, avgifter og omstendeleg sakshandsaming knytt til bruksendring av kulturhistoriske bygningar som har den ulempen ved seg at dei alle ligg i 100 m beltet. Dette bør vere eit viktige deltema i planen, og så får de plassere den tematisk der den høyrer heime.	Ikkje tatt til følge - ikkje aktuelt for denne planen
<b>NHO</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Må ruste oss for ei krevjande framtid der vi treng fleire bein å stå på. Vi må jobbe smartare, ta i bruk fortrina vi har, auke verdiskapninga og eksportere meir slik at utanriksøkonomien kjem i balanse. Vi må redusere klimagassutslippa, auke innovasjon og omstillingsevna, tette kompetansegapet, ha eit skattetrykk som gjer bedriftene konkurransedyktige, samt sørge for fortsatt høg tillit og høg organisasjonsgrad i samfunnet.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid.
Korona og det grønne skiftet er begge drivere for omstilling i næringslivet. For Vestland innebærer det kanskje også ei omstilling av sjølve næringsstrukturen. Vi må sikre ein god overgang mellom det vi er gode på i dag, og der vi skal være sterkare i morgan. Fram mot 2030 skal vi kombinere gjenoppbygging, omstilling og verdiskaping.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid.
Vi må ta vare på, og skape nye, private, lønsame arbeidsplasser, og styrke den private eigarskapeni heile landet. Det viktigaste vi kan gjøre for å nå våre ambisjonar er å få folk tilbake i arbeid. Omsynet til jobbskaping må difor prega all politikk	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid.
Vi skal redusere klimagassutsleppa, samstundes som vi beheld velferdsnivået. Vi må difor utvikla "business" på klimaomstillinga.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid.

Innen havvind, hydrogen, elektrifisering, maritim og marin sektor, batteriteknologi, samt karbonfangst- og lagring har Vestland gode føsetnader for innovasjon og næringsutvikling. Det å etablere ny lønsam industri krev koordinert innsats gjennom heile forvaltingsleddet, frå flere aktører og på ulike nivå.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid.
Sjømatbedriftene	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Koraonapandemien har ikkje hatt same påverknad på denne næringa, som i nokre andre næringar. Saknar at det ikkje i større grad blir tatt til orde for at den marine næringa bør bli eit endå viktigare satsingsområde for fylkeskommunen og at dette blir reflektert tydelegare under plantema.	Tatt til orientering, blir følgt opp i det vidare planarbeidet.
God kartlegging av areal, verktøy for heilskapleg arealbruk og samordning med andre planar vert sentralt. Den regionale planen bør formulere overordna retningsliner og strategiar for bruk av areal i næringssaker.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 4 Arealbruk
Viktig med eit samla kunnskapsgrunnlag. Nemner Vestlandsmeldinga 2020, som peikar på gode vekstmoglegheiter for sjømatindustri og den maritime næringa.	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt
Sogn og Fjordane Bondelag	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Må leggast meir vekt på å bygge opp fleire av tettstadane kringom i fylket. Vi treng regionale vekstsenter, utpeika av fylkeskommunen som fungerer som motorar både for næringsutvikling og busetjing kring om i fylket. Legge til rette for desentralisert kunnskapsbygging. Ynskjer at plantema 2 blir endra til å inkludere regionale vekstsenter i større grad enn slik det står i dag. Alternativt må det kome eit eige punkt om utvikling av regionale vekstsenter som motor i viktige bu- og arbeidsområde. Også tenkje næringsutvikling og innovasjon gjennom næringsklynger og møteplassar for gründerar. Bu- og arbeidsområdet må inn som viktig omgrep i planen.	Tatt til orientering, tekst korrigert i endeleg planprogram, drøfta i saksframlegg
For at alle skal ha like høve til å delta i verdiskapinga, må vi ha god nok infrastruktur og digital utvikling i heile fylket. For å ha digitale løysingar som heimekontor er minstekravet eit stabilt og godt nok breiband/fiber. Vil òg gjere det meir attraktivt for bedrifter å etablere seg overalt i fylket. Ein må halde fram med utbygginga av breiband/fiber i heile fylket.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
Landbruk vert i planprogrammet nemnt som ei viktig næring for Vestland, og som ei næring som har positive ringverknadar. Meiner landbruket bør nemnast på side 18.	Tatt til følgje - Endring er av mindre karakter og ikkje presentert i saksframstilling.
I lys av koronasommaren bør det kome ei tyngre satsing på lokale råvarer / lokal mat som ei klar prioritering for å skape vekst i reiselivet i fylket. Ei vriding av reiselivet vekk frå satsing på "billige" reiselivsprodukt utan lokal identitet.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
Ynskjer det vert fokusert meir på innovasjon og næringsutvikling innan landbruk. Særskilt i høve utviklinga av meir klimavenleg landbruk og utvikling av sirkulær økonomi. Større fokus på å oppretthalde og vidareutvikle landbruksarealet vi har i Vestland. Oppretthalde og auke matproduksjonen, samt å unngå nedbygging av verdifullt landbruksareal.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 Omstilling og fornying
Vil ha ei auka satsing på vasskraft både gjennom småkraft og større kraftverk. Dette vil òg kunne gje oss ei større kraft i satsinga på hydrogen. Viktig for å skape arbeidsplassar, men i nokre tilfelle også tryggare busetnad i distrikta.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 Omstilling og fornying

Det må vere eit mål at ein ved bygging av nye fylkeskommunale bygg og rehabiliteringar skal nytte trevirke som byggemateriale. Stort potensiale for å auke averkinga, noko som vil bidra til å redusere CO2-utsleppet.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 Omstilling og fornying
Må fokusere på næringsutvikling i heile fylket som grunnlag for å sikre busetjing og bruk av heile fylket. Då må det sytast for gode bu- og arbeidsområde i heile fylket. Flytte fleire statlege/fylkeskommunale arbeidsplassar ut til tettstadane i distriktet.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 2 Bergen som motor ...
Det må lagast langsiktige fylkeskommunale- og kommunale planar for næringsareal som eit viktig verkemiddel for å unngå å ta dyrka jord til næringsareal. Fylkeskommunen må legge til grunn at det ikkje skal takast dyrka jord til næringsareal.	Tatt til orientering, blir følgt opp i det vidare planarbeidet.
Vi ynskjer at det vert utarbeidd ein eigen temaplan for innovasjon og utvikling av landbruksnæringa og tilhøyrande næringar. Det er ikkje tilstrekkeleg å innarbeide temaplan for landbruk i Hordaland. Det må kome ein heilskapleg plan for næringa og tilhøyrande næringar for heile fylket.	Tatt til orientering, temaplanar er drøfta i saksframlegg
Sogn og Fjordane Bondelag ynskjer å vere informert og involvert i vidare planarbeid.	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt
<b>Sogn og Fjordane Næringsråd</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Må oppdatere kunnskapsgrunnlaget for konsekvensane av koronakrisa kontinuerleg, fokus på dei akutte verknadane av koronakrisa og vere villige til å justere planverket i tråd med utviklinga. Må ha langsiktige støtteordningar.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
Peikar på at nasjonale rammevilkår er sentrale. Stimulere til deltaking i lokalsamfunn, skape større interesse for lokalt eigarskap og investeringar i bedrifter og næringar. Velfungerande desentraliserte og offentlege tenester, fokus på folkehelse og det gode liv, verdsetje eldsjeler og dugnad.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
Investering i infrastruktur i distrikta sikrar verdiskaping. Avgjerande for næringslivet å ha effektive transportårer. Ferjefri E 39 er den viktigaste transportåra i Vestland, må få det opp som eit svært viktig nasjonalt prosjekt. Sikre transportårer aust – vest for næringslivet. Rassikring – trygge vegar. Stad skipstunnel. Sikker sjøtransport – reiseliv – attraksjon. El-fly, el-båt og legge til rette for hydrogen i transportnæringa	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
Sogn og Fjordane Næringsråd ønskjer å delta aktivt i arbeidet med å utvikle Regional plan for innovasjon og næringsutvikling.	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt
Det må leggast til rette for auka verdiskaping og innovasjon basert på regionale og lokale ressursar, og for auka samarbeid mellom næringslivet og ulike kunnskapsmiljø. Må nytte innovasjon for å løyse nye samfunnsutfordringar og smart spesialisering som metode for innovasjon og næringsutvikling.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
<b>Sogn regionråd</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Regionsentra stimulerer til verdiskaping og konkurranseskraft, har spesialiserte tenester som supplerer det lokale tilbodet i tettstader og grender, og gjer det mogleg å arbeida og bu i alle delar av fylket. Kompetansemiljøa i dei ulike regionane i fylket må styrkast med sterke og attraktive regionsenter som viktige drivarar.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid

Industrien er viktig for verdiskapinga i fylket. Sognregionen har sterke industrimiljø. Sogn regionråd saknar omtale av industristrategien for Sogn og Fjordane 2016-2025. Industristrategien var ein del av verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane, og bør innarbeidast i regional plan for innovasjon og næringsutvikling.	Tatt til orientering, tekst korrigert iendeleg planprogram , drøfta i saksframlegg
Reiseliv er Noregs tredje største næring. Sogn regionråd støttar forslaget i planen om at reiseliv blir ein del av den regionale planen.	Tatt til orientering
Tett samarbeid og partnarskap er nødvendig om planane skal bidra til å mobilisere ulike aktørar i same retning. Det er positivt at Vestland legg vekt på å samarbeide med regionråda. Regionane og kommunane treng virkemiddel og verktøy i arbeidet med samfunns- og næringsutvikling.	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt
For å nå dei overordna måla i planane bør fylkeskommunen samordna arbeidet på tvers av fag og sektorar. Vi saknar omtale av korleis fylkeskommunen vil få til kopling og koordinering mot andre regionale planar.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
Må arbeide for å utvikle nettverk og skapa arenaer som gjev grobotn for samarbeid og utvikling. Oppmodar fylkeskommunen om å arbeide aktivt for å oppretthalde den lokale kjennskapen til næringsliv, kulturliv og sivilsamfunn. Vi meiner planarbeidet bør ta høgde for skiftande rammevervilkår og behov for omstilling.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
Samarbeidsrådet for Sunnhordland	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Oppfattar planen som oversiktleg med tydleg strategisk retning for utvikling av innovasjon og næring. Planen må bidra til løysingar, ikkje skape nye hinder. Overordna ønske og målsettingar må omsetjast til konkrete tiltak i dei årlege handlingsplanane.	Tatt til orientering
Fiskeri, olje/gass, kraftproduksjon, jordbruk, reiseliv og handelsnæringa bør viast større plass i planen. I tillegg er etablering av høghastigheits breiband viktig for regionen.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 Omstilling og fornying
Areal for næringsutvikling er viktig. Viktig at sentrale planstyresmakter samordnar seg for å finne gode lokale løysingar - m.a. i form av rekkefølgekrav -som fremjar næringsutvikling.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 4 Arealbruk
Opplæring og kompetanse bør få eit auka fokus i planen. Det bør leggjast opp til ei kopling til andre fylkeskommunale planar og strategiar for opplæring.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
Føreslår samfredsle og Helse som næring som nye plantema i planen. Samferdsle fordi dette er ein svært viktig premissgjevar for innovasjon og næringsutvikling. Viser til Regional transportplan, men meiner likevel at det hensiktsmessig at dette er eit plantema, eventuelt deltema i planen. Innan helse må det urviklast soner mellom offentleg og privat sektor som skaper innovasjon i tenesteyting.	Innspel vurdert. Ikke tatt til følgje, kommentert i saka
Ein bør vurdere om andre representantar frå næringslivet bør vere representert. Også frå regionhald er det ønskjeleg å bidra, og slik sett sikre sterkare representasjon frå kommunane.	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt
Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag	
Innspel	Merknad/Oppfølging

Skulle gjerne hatt med landbruket i større grad under arealbruk. Då spesielt med omsyn til vern av dyrka jord og beiting av utmarksområde. Også når det gjeld klima og naturvern, kjem landbruket inn som ein sterk samarbeidspartner, og som ein sterk aktør i vern av natur, dyr, insekt, mikro- og plantemangfald i naturen. Landbruket er også ein viktig faktor, når det gjeld busetnad, omstilling og næringsutvikling.	Tatt til orientering, blir følgt opp i det vidare planarbeidet
Ynskjer forsking, som viser korleis auke verdi i jorda og korleis bygge opp jordlaget. Jorda må også kunne brukast av framtidige generasjonar.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
Viktig med kortreist mat, for å sikre smittespreiing og matberedskap. Landbruket er ein viktig bidragsytar for å ta vare på insektslivet i framtida. Sikre busetnad i heile fylke. Kommenterer rovdyrpolitikk, og at beitenæringer lir under gjeldande politikk. Bergen er eit bra hovudsete for organisering. Likevel ligg det ein fare i å sentralisere for mykje, når ein bør ha som mål å ha busetnad i heile fylket.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
Nordfjordrådet	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Skal ein skape vekst i Vestland må det skje i eit dynamisk samspel mellom større og meir robuste kommunar, dynamisk næringsliv med gode rammevilkår og med staten og fylkeskommunen som koordinerte utviklingspartnerar.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
Fornuftige mål og plantema. Men torer vi å ta debatten om kva målet om nullutslepp i 2030 betyr i praksis? Vi er gjensidig avhengig av kvarandre for å lukkast!	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
1. Tilgang til kompetanse, utdanning og FOU til næringslivet i heile fylket - i eit perspektiv om livslang læring/jamnleg kompetansepåfyll. 2. Korleis skape "utviklingskapasitet" og rom for innovasjon også hos det offentlege lokalt? - postivt at Vestland legg så sterk vekt på samarbeid med regionane. - korleis kan Vestland "flytte ut" aktivitet og kompetanse i regionane? 3. Bergen som motor er bra, men krev ein by som ser verdien av regionen - gode kommunikasjonar.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
Saknar tydlegare framheving av berekraftig reiseliv.	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 Omstilling og fornying
Saknar ei kopling i planen mot vidaregående utdanning, kompetansepolitikk og integrering. Her har fylket ei svært viktig rolle også innanfor innovasjon og næringsutvikling. Gje distriktkommunane/regionråda konkrete reiskapar, Til dømes bistand til felles planprosessar, felles kommunale næringsfond m.v.	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt
Fylkesmannen i Vestland	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Vi ser det som viktig at dei nasjonale forventningane, saman med FN sine berekraftmål, vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med planen.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
Etter Fylkesmannen si meining bør den regionale planen for innovasjon og næringsutvikling drøfte omgrepene «vekst» og korleis dette skal gjennomførast basert på måla om berekraft og sirkulærøkonomi.	Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid
Eksisterande planar innan landbruk og bygdeutvikling for Hordaland og Sogn og Fjordane bør innarbeidast i planen. Dette gjeld «Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022» og «Regionalt bygdeutviklingsplan for Vestland 2019-2022»	Temaplan kommentert i saksframstilling, Regional bygdeutviklingsplan blir følgt opp administrativt

<p>Landbruk er ein viktig basisnæring som har stor innverknad på busetnad og annan næringsaktivitet i distrikta. Klimaendringane er her, og landbruket må også finne berekraftige løysingar. Det er ei vedteken målsetting at landbruket både skal bidra til reduserte utslepp av klimagassar, auka opptak av CO2 og god klimatilpassing. Meir nedbør, frost i fruktbløminga og ustabile vintrar gjev utfordringar med planteproduksjon, innhausting og skadegjeraarar. Samstundes gjev eit varmare klima moglegheiter for auka planteproduksjon.</p> <p>Landbruket treng fornying. Det er trøng for nye fjøs med tilpassa teknologi, frukt- og bærproduksjon med plastdekke mot nedbør og frost, utvikling og bruk av ny teknologi, utvikling av nye landbruksprodukt t.d. innan ost og sider. Konkret kan dette vere tema som bør utgreiast og lagast planar for:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis utvikle frukt- og bærproduksjonen i eit endra klima</li> <li>• Korleis kan Vestland auke produksjonen av mat med lågt klimaavtrykk (t.d. grønsaker og potet)</li> <li>• Korleis sikre at alle kyr er i fjøs med lausdrift innan fristen i 2034</li> <li>• Korleis oppretthalde og fornye eit småskala sauvehald og eit levande kulturlandskap</li> <li>• Korleis auke den lokale fôrproduksjonen for å redusere importen av fôr</li> <li>• Korleis medverke til at FoU-miljø regionalt, nasjonalt og internasjonalt tar tak i våre utfordringar</li> </ul>	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 2 Bergen som motor ...
Bergen er landbruket sin store nærmeknad. Vi ynskjer å finne lokale matvarer både i nærbutikken, på restauranten og gjennom direktesal frå bonden. Lokal mat frå Vestland gjev gode opplevelingar i Bergen. Mat kan vere ein nøkkelfaktor i utvikling av heilårsturisme. Konkret kan dette vere tema som bør utgreiast og lagast planar for: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis sikre at serveringsbedrifter i Bergen får tak i gode råvarer frå distrikta, og bygger opplevelingar rundt den gode maten</li> </ul>	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 2 Bergen som motor ...
Landbruket kan nyttast meir i arbeidet med inkludering – både i arbeidslivet og i samfunnet. Praktisk arbeid, fysisk aktivitet og nærliek til natur og dyr er positive verdiar som har dokumentert effekt for å motverke utanforskap. Nasjonalt har det fått namnet «Inn på tunet». Konkret kan dette vere tema som bør utgreiast og lagast planar for: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis bruke «Inn på tunet» som eit målretta verktøy for inkludering</li> </ul>	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 3 innovstive samfunn og like ...
I dei kommunale arealplanane ligg landbruksareala i sekkeposten landbruk, natur og friluftsliv (LNF). Slike område er utsette for å bli lagt ut til næringsareal, bustadområde og nye vegar ved revisjon av planane. For at kommunen skal ha eit betre kunnskapsgrunnlag i si arealplanlegging er det trøng for kartfesta område som er særleg verdifulle for produksjon av mat og trevirke. Konkret kan dette vere tema som bør utgreiast og lagast planar for: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det bør utarbeidast ein jordvernstrategi for Vestland</li> <li>• Det bør leggast til rette for at alle kommunar kan utarbeide plan for kjerneområde landbruk som kartfester dei viktigaste areala for landbruksproduksjon</li> <li>• Vestland har avgrensa med areal som er eigna for produksjon av frukt, bær, grønsaker og potet, og desse areala bør kartleggast særskild</li> <li>• Klimaendringane gjer at vi må ha beredskap for å auke matproduksjonen. Det bør lagast ein plan over område som kan bli matproduserande. Dette gjeld både nye areal og areal der det tidlegare har vore jordbruk</li> </ul>	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 4 Arealbruk

Nordhordland Utviklingsselskap IKS/Regionrådet Nordhordland		
Innspel		Merknad/Oppfølging
<p>Svært viktig at Vestland har som ambisjon å vera i front i høve det grøne skiftet, ikkje minst som konsekvens av koronapandemien og krav til omstilling i olje- og gassindustrien. Vestland og regionane må utnytta dei fordelane me har innanfor kraftforsyning, oppdrett og havbasert næringsutvikling. Vidare at industri, reiseliv og landbruk må løftast fram. Rekruttering og rett kompetanse er grunnpilarar i næringslivet, og i all omstilling. Utdanninga i vidaregåande skular, og høgskular / universitet, må tilpassast det lokale næringslivet slik at ein klarar å skaffa rett arbeidskraft til industri i omstilling.</p> <p>Smart spesialisering er riktig, men dette må også skje i sterke og etablerte industribedrifter og industrimiljø. Knoppskyting og innovasjon skjer i etablerte bedrifter.</p>	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 Omstilling og fornying	
<p>Samd i at Bergen skal vere motor for innovasjon og næringsutvikling i samspel med resten av Vestland. Det må likevel skje ei tydlegare avklaring av kva fylket legg i dette. Vidare må fylkeskommunen vere tydleg på kva rolle regionane/dei regionale sentra skal ha, og bruke dei aktivt i dette arbeidet. Regionrådet understrekar at ein stor del av verdiproduksjonen skjer ute i distrikta - i bedriftene / på arbeidsplassane, og at ein her finn sterke fagmiljø. Fylket må ha ein tydeleg plan for korleis ein involverer desse.</p> <p>Samd i det overordna målet om å arbeide med retningsliner og strategiar for næringsareal i kommunal og fylkeskommunal planlegging. Men er tydleg på at dagens praksis med rekkefølgekrav frå stat og fylke motarbeider dette ønskjet, og grunngir dette med ei rekke døme. Vindkraft i urørt natur møter massiv motstand. Utbygging av vindkraft bør derfor sjåast i samanheng med eksisterande industriområder, der ein ikkje må gjera store inngrep i urørte område, samt etter kvart som utbygging til havs</p>	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 2 Bergen som motor ...	
<p>Rekkefølgekrav og konsekvensar for innovasjon og næringsutvikling er så viktig at regionrådet ber om dette vert sett opp som eige plantema. Vidare at også infrastruktur - veg, kraft, telekommunikasjon og fiber vert eige plantema; eventuelt som eige underpunkt under dei valde plantema. For regionane/distrikta i fylket er infrastruktur heilt avgjérande for at ein skal lukkast med innovasjon og næringsutvikling.</p> <p>Planprosessen må forankrast betre ute i regionane/distrikta, gjerne i form av regionale høyringsmøte. Ungdomen må vere godt representert i ulike prosessar.</p>	Tatt til orientering, oversendt arbeidsgruppa for plantema 4	
Bør sjå nærmare på samansetjinga der næringslivet er betre representert, samt at regionråda deltar med ein felles representant.	Innspel vurdert. Ikke tatt til følgje, kommentert i saka	
Må sjå nærmare på samordning/samanslåing av verkemiddelapparatet for å skapa sterkare aktørar med større og breiare fagmiljø.	Tatt til orientering, blir følgt opp administrativt	
Kystverket		
Innspel	Merknad/oppfølging	

Kystverket sin visjon er å utvikle kysten og havområda til verdas sikraste og reinaste. Sjøtransport er den dominerande transportforma for gods målt i samla godstransportarbeid i Norge. Kystverket si utfordring blir å sikre framkommelighet og sikkerheit til sjøs, i ein periode som er prega av endringar, usikkerheit og behov for omstilling, både teknologisk, miljømessig og ressursmessig.

Prioriteringar framover må ta høgyde for både klimatilpassing, reduksjon av klimagassutslipp, utvikling av kunnskapsgrunnlag og verkemidlar, og evne til å ta i bruk ny teknologi.

På Fedje VTS er det under uttesting ny teknologi - BEAN - som er ein Algoritme som skal forutsjå og varsle operatør på trafikksentralen om faresituasjonar som krev inngrisen av operatør.

Ein fremtidsretta utvikling av det maritime næringslivet og sjøtransport krev at regionalplan følger opp nasjonale forventningar og retningslinjer om at; ein større andel av godstransporten skjer på sjø og jernbane, det tilretteleggast for eigna arealer til effektive logistikknutepunkt som godsterminaler og hamner, det legges til rette for klima- og miljøvennlige transportformer, effektiv og sikker trafikkavvikling og god framkommelighet for næringstransport.

Tatt til orientering som  
inngespel til vidare planarbeid

Sunnfjord kommune

Inngespel

<p>1) Sunnfjord kommune vurderer at plantema og innretning i planprogrammet «regional plan for innovasjon og næringsutvikling – Vestland» som konstruktiv og framtidsretta. Mål og strategiar samsvarer godt med arbeidet Sunnfjord kommune legg til grunn i arbeidet med eigen planstrategi og kommuneplan.</p> <p>2) Det er positivt at Vestland fylke har høg prioritet på å hjelpe næringslivet gjennom koronapandemien. På kort sikt må det ha høgaste prioriteten.</p> <p>3) Sunnfjord kommune ser positivt på at Vestland fylke peiker på at regionale senter må utviklast og bli endå sterkare. Bergen er viktig som regional drivkraft. Vi er samstundes òg heilt avhengig av ein funksjonell senterstruktur. Av Sogn og fjordane fylkeskommune er Førde utpeikt som fylkessenter i tidlegare Sogn og Fjordane. Vi ser det som naturleg at Vestland fylke vidarefører Førde by som den viktigaste regionbyen for det geografiske området til tidlegare Sogn og Fjordane.</p> <p>For Sunnfjord kommune er det svært viktig å ta ei regionalpolitisk rolle og vise fram potensiale for verdiskaping i Vestland. Førde som regionby utviklar seg til å bli ei kultur-, forvaltning-, helse og kunnskapsklynge innan institusjonell kultursatsing, media, nynorsk, spesialhelsetenesta, utdanning og forsking, og statleg forvaltning på nasjonalt, og til dels internasjonal, nivå. Sunnfjord kommune meiner dette representerer fortrinn som er avgjerande for å spele på lag om ei best mogeleg utvikling for Vestland.</p> <p>4) Sunnfjord kommune vil føreslå ein eigen avtale for regionbyar, som Førde, etter modell av byvekstavtalane.</p> <p>5) Vi meiner at Vestland fylkeskommune må tilbakeføre årleg tildeling av kommunale næringsfond</p> <p>6) Naturressursar med tilhøyrande innovasjon (til dømes kraft, landbruk, hav og fjordar, innlandsfiske, laksefiske, turisme og mineral) utgjer noko av det absolutt viktigaste grunnlaget for vekst og utvikling i Vestland. Det er heilt sentralt at Vestland fylke har ambisjonar om utvikling av nye forretningsområde med bakgrunn i eigne naturressursar.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid</p>
Kvam næringsråd	
Innspel	

Nærleik til havet og sjøen, ein stor energiproduksjon frå vasskraft og gode klimatilhøve for hagebruk er særtrekk ved Vestland fylke. Det har skapt stabile arbeidsplassar og har framleis potensiale for vekst. Som eksempel kan nemnast smelteverksindustrien, reiselivet, havbruk og frukt- og bærproduksjon.

**Olje- og gassnæringa** vil dei nærmaste 10-åra framleis vera ei svært viktig næring i Vestland fylke målt i arbeidsplassar og verdiskaping. På lengre sikt må her skje ei omstilling mot fossilfri energiproduksjon på sjø og land. Elkraft frå vindmøller ute på havet vil nok koma sterkare i framtida, men enno er det eit stykke fram i tid før desse er lønsame. På enkelte område bør landbaserte vindmøller kunna byggjast der lokalmiljø og naturomsyn tilseier at dette er tilrådeleg.

#### **Energiproduksjon som grunnlag for lokale arbeidsplassar.**

Det bør gjerast ei grundig kartlegging av potensiale vidare utbygging og effektivisering av vasskraft. Gamle kraftstasjonar kan byggjast om og mindre kraftstasjonar i nye vassdrag kan gje auka tilgang på ny energi. Energiproduksjon frå elvekraftverk og vindmøller vil variera etter klima og årstid, men overskotsenergi kan lagrast gjennom produksjon av flytande hydrogen.

Den energien som vert produsert her lokalt må også i størst mogeleg grad skapa arbeidsplassar i fylket. Smelteverksindustrien har skapt hjørnestinsbedrifter på grunnlag av lokal kraft. No kan datasenter, landbasert fiskeoppdrett og produksjon av flytande hydrogen gje nye arbeidsplassar, men det manglar kapasitet på det overordna kraftlinjenettet for at vi kan få dette til i enkelte deler av Vestland fylke.

#### **Offentlege arbeidsplassar og utdanning.**




Offentleg administrasjon, helse og utdanning har svært mange tilsette i Vestland og er godt spreidde i fylket. Dette sikrar busetnad og gjev kompetansebaserte arbeidsplassar i mange utkantar. Det må vera ein målsetnad å unngå ei ytterlegare sentralisering av desse tenestene.

Særleg utfordrande vil det vera for dei vidaregåande skulane å gje yrkesfagleg opplæring som er tilpassa lokalt næringslivet sitt behov. Betre språkopplæring for innvandrarar kan bidra både til integrering, folketalsstabilitet og tilgang på arbeidskraft vi har bruk for t.d. i offentleg omsorg, reiseliv og primærnæringer.

#### **Jord-, hagebruk og reiseliv.**

Det er desse primærnæringane som er hovudgrunnen til at Vestland fylke framleis har spreidd busetnad i alle utkantar og eit levande kulturlandskap. Dette er også viktig for reiselivet. Svært mange kombinerer desse næringane og kan dermed oppnå tilfredsstillande inntektsgrunnlag. Dette har potensiale for vidare vekst.

Tatt til orientering som  
innspeil til vidare planarbeid



vestlandfylke.no